



Audhild vart NY

Høgdepunktet under ein stor festveld i Systrene Nilsen på Kvinnedagen' i dag var då to av festdeltakarane vart gjprt NYE etter å ha vorte trukke ut ZJAKK gjorde Audhild Lie fin på håret etter alle kunstens reglar medan Husnes-salongen Dråpe Dagspa ga Lovise Sunde full make-up. Både Audhild og Lovise bur i Halsabrotet!

Kvelden som var eit kreativt påhitt av Systrene og SPAR-damene fekk atskillig større besøk enn det teikna til å bli.

Det vart til slutt seld 80 billetter og stemningen var hog på dette alkoholfrie arrangementet.



Lovise vart NY og det er Brynhild Stokka frå Husnes som arbeider med henne

Det er ingen hemmelegheit at det var Gunn Mari Moberg som også ved dette høvet sette ballen i spel og naturleg nok var det også ho som heldt opningstalen og sa nokre ålvorsord og litt skjemt. Ho minte om at den internasjonale Kvinnedagen vart lansert i USA i 1908 medan lanseringa her i landet var i 1915.

- No har vi ikkje lenger så mykje å kjempa for.. Eg trur vi kan vera einige om at vi damer har det godt, sa Gunn Mari og fekk applaus for det.
- Men det kan vera greitt å ha ein Kvinnedag akkurat som vi til dømes

har ostens og fårikålens dag. Eller vi kunne jobba for å få ein dag i veka akkurat som komlo som vi har kvar torsdag, spøkte Gunn Mari.

Ho kom med ein opplysning som vil vera ny for mange: At det faktisk er ein internasjonal mannsdag som er den 19. november og vart etablert i 1999.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen